

Arkitekt Knut Willie Jacobsen
Lurevegen 304
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/15288 - 20/63455

Saksbehandlar:
Are Frøysland Grande
are.froysland.grande@alver.kommune.
no

Dato:
08.10.2020

Førebels svar med trong for tilleggskontroll - gbnr 24/78 Fammestad

Tiltak: Anlegg
Byggjestad: Gbnr: 24/78
Tiltakshavar: Grethe Jorunn Askvik
Ansvarleg sækjar: Arkitekt Knut Willie Jacobsen

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 09.09.2020.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det er søkt om oppføring av støttemur utanfor regulert byggjegrænse i gjeldande plan. Før kommunen kan ta søknaden opp til handsaming er det naudsynt med søknad om dispensasjon frå byggjegrænse i gjeldande plan. Sida tiltaket omfattar oppføring av støttemur i nabogrense, anbefala vi at dykk innhentar samtykke frå nabo for å styrka søknaden om dispensasjon. Vi gjer merksam på at ein søknad om dispensasjon krev nytt nabovarsel.
2. Det kommunale VA-anlegget (vatn og avlaup) er etablert i vegen forbi eigedommen. Frå innsendt situasjonskart kan det sjå ut som tiltaket ligg nærmare eksisterande VA-anlegg enn 4 meter. Om det syner seg at tiltaket ligg nærmare enn 4 meter frå eksisterande VA-anlegg, er det naudsynt med ein dispensasjon frå VA-avdelinga for tiltaket.
3. Situasjonskartet er ikkje målsatt og må vera eit kart frå Alver kommune. Situasjonskartet må innehalde mål på tiltak, avstand til nabogrense, veg, leidningar osv. Det kan med fordel også leggast inn avklaring i høve tiltakets påverknad på eventuelle siktsoner knytt til kommunal veg.
4. Innsendte teikningar omfattar ei prinsippskisse for tørrmur samt ein illustrasjon av tiltenkt tiltak. Teikningane må vera målsatte og syne høgde, lengde og gjerne profilar av aktuelle områder av betydning for tiltaket.

Kommunen ber om at tilleggsm informasjon vert sendt inn samla innan **17.12.2020**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Are Frøysland Grande
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Informasjon til tiltakshavar og søkjar om dispensasjon

Mottakarar:

Arkitekt Knut Willie Jacobsen
Grethe Jorunn Askvik

Lurevegen 304
Høghøyen 24

5912 SEIM
5913 EIKANGERVÅG